

Ein flott dag på TINEstafetten!

11.05.2016



Ein nøgd gjeng!

I går var elevane frå 5.-7.klassen ved Uskedalen skule deltagarar i årets Tinestafett som gjekk av stabelen på flotte Fana-stadion i Bergen. Strålende innsats og oppførsel gjorde at vi fekk oss ein fantastisk kjekk dag. Tusen takk til Uskedal Helselag og Kvinnherad Vekstbedrift AS som gjorde dette mogleg for oss!



Glade jenter på ferja.

Elevar og lærarar møttest i busslomma ved skulen kl. 06.20 tysdag morgon. Avreisa skulle vera halv sju, og alle mann var på plass då turen starta i den nye flotte turbussen til Skyss. Vi hadde lagt inn god tid på turen til Bergen, og alt gjekk fint fram til stadion. Fana stadion er eit flott anlegg. Her er det kvart år arrangement for både

den nasjonale- og internasjonale friidrettseliten, og det var utruleg kjekt at elevane kunne få nytta eit slikt anlegg til Tinestafetten.

Ved ankomst fekk deltakarar og lagleiarar utdelt t-skjorter, startnummer og drikke frå Tine. Vi fann oss ein god plass på tribunen, og fekk slappa godt av før laga våre skulle starte. På andre sidan av vegen for stadion, låg det oppvarmingsbane og oppropsområde. Arrangementet var planlagt ned til minste detalj, og alt gjekk smertefritt. Tidsskjema vart fulgt og vi fekk god hjelp og assistanse frå dei mange funksjonerane som var på plass.



Endeleg på plass.

Klokka 10.45 var det klart for start for lag 6-1. Mathias gjekk ut som ei kule, fulgt hakk i hel av lagleiar Åse. Lag og lagleiar fullførte stafetten på framifrå vis, og gjekk til slutt i mål på ein andre plass, berre slått med eitt tidels sekund. Laget hamna til slutt som nr. 14 av 143 lag, og det må seiast å vera veldig bra. Dei to andre laga frå 6.klassen gjorde og sakene sine bra, og kom inn som nr. 3 og 5 i sine heat. Etter ein liten pause, slik at funksjonerane skulle få seg noko mat, var det 7.klassen sin tur. Dei starta i det andre heatet, og Jonathan tok oppskriftsmessig leiinga frå start. Vidare i løpet kjempa jentene og gutane som heltar, og dei kom inn som nr. 2 i sitt heat. Totalt sett vart dei nr. 17 av 112 lag.

Resultata visar at det lønnar seg med målretta arbeid. Alle klassane frå skulen vår som var med og deltok har det siste halve året, og spesielt dei siste vekene, brukt mykje tid på å øva. Både på det å kunna springa 200 meter 'i bånn gass', og det å kunna gjennomføra vekslingane på skikkeleg måte. Alle leverte strålende prestasjoner, og vi kan vera stolte over elevane vi sende avgårde for å representera skulen vår. I tillegg til den strålende innsatsen på banen viste alle elevane at dei kunne oppføra seg på tur. Det var rett og slett ei sann glede å vera på tur med dei. Godt jobba og vel gjennomført alle jenter og gutter!

Vi rettar til slutt nok ei stor takk til Helselaget og Kvinnherad Vekstbedrift AS for at dei gjorde dette mogleg for oss.

Tekst og foto: Elevar og lærarar på mellomsteget



Ein flott arena!

Nett: Thor Inge Døssland